



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201405411-20		111309/2022/K70	Johnny Loen, 71 28 02 43	17.08.2022

Ålesund kommune - konsesjon for regulering av Brusdalsvatnet - tilleggsmærknad

Innleiing

Vi viser til vårt brev 29.06.2022. Det viser seg i ettertid at kulturavdelinga ikkje har vore påført som kopimottakar i innkomande brev og dermed ikkje har vore tilstrekkeleg orientert om saka. Vi ser oss derfor nøyddde til å sende ein tilleggskommentar, som vi oppmodar blir teke omsyn til i den vidare behandlinga av konsesjonen.

Kulturminne frå nyare tid

Ut frå oppsettet i konsesjonssøknaden, er det særskilt kapitla 2.5 og 3.11 vi vil kommentere. I 2.5 er det vist til kommuneplanen med omsynssone kulturvern, og vidare til at kulturminnet har regional verneverdi (2.5.4). Kva verdiane består i er ikkje nærare omtalt. Følgeleg er heller ikkje omtalen av verknader i kapittel 3.11 særleg utfyllande.

I vårt brev tidlegare, har vi rådd til å heve inntaksnivået for kanalen, slik at denne kan tene til flaumsikring, men også slik at det i periodar med minstevassføring blir sikra at alt vatnet renn i hovudløpet, dette ut frå mål for vassmiljøkvalitetane.

Sett frå kulturvernståstad, vil vi legge til følgende:

Kraftstasjonen i Spjelkavik frå 1917 er eit teknisk-industrielt kulturminne av regional verdi. I vedleggslista til Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi er både sjølve kraftstasjonen, rørgata og kanalen nemnde som ein del av anlegget. Heile anlegget inkludert inntaksdammen vart regulert til bevaring i 1995, og dette vernet er altså vidareført som omsynssone i nyare kommuneplan.

Anlegget har stor verdi både som kjelde til kunnskap og som oppleving. I dette anlegget i Spjelkavik utgjer både dammen, kanalen og den intakte stasjonen ein samanheng, som er særreigen og som styrkar verneverdien.

Det er turstigar knytte til delar av kanalen aust for hovudvegssystemet. Vatnet i kanalen frå Lillevatnet blir pumpa over til vestsida og formar vasspegelen på høgdedraget over kraftstasjonen, også dette tilgjengeleg som ein del av eit parkområde. Viss kanalen blir tørrlagt, vil det etter vår vurdering vere eit vesentleg tap for både forståinga og opplevinga av anlegget.

Bevaring av anlegget som eit kulturmiljø av særleg høg verdi tilseier at det må oppretthaldast ei viss gjennomstrøyming av vatn i kanalen og kraftstasjonen, i det minste så lenge dette er forsvfarleg ut frå elvenaturen elles.

Vern av inntaksdammen må også drøftast som ein del av grunnlaget for konsesjons-søknaden. Truleg er vatnspegelen likevel den mest kritiske faktoren sett i høve til anlegget sin kulturfaglege verneverdi, og ikkje minst opplevingsverdien av kulturminnet.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar:

Automatisk freda kulturminne: Overarkitekt Helge Aarset, tlf. 71 28 03 31

Kopi:
Ålesund kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal